



Erstad & Lekven Utbygging As  
Paradisalléen 8  
5232 PARADIS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/7672 - 17/8820

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

17.03.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsopplysningar søknad om bruksløyve - gbnr 188/769 Gjervik ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.03.17.

Saka gjeld søknad om mellombelsbruksløyve for delar av Langheiane felt B6, punkthus 1 (PH1) samt garasje med teknisk rom, uteområder innanfor felt B6 og avkøyrsløve og veg for brannbil.

Felles teknisk infrastruktur i planområdet er godkjent i sak 17/45, det ligg føre mellombels bruksløyve for delar felles teknisk infrastruktur i planområdet for følgjande:

- **O\_GV1**
- **O\_TD**
- **Del av F\_KV jf. situasjonskart (sikringstiltak) levert ved søknad om mellombels bruksløyve**
- **O\_KV med felles avkøyrsløve til planområdet**
- **F\_LEIK2**
- **F\_RA**
- **F\_PP1**
- **Felles VA-anlegg i planområdet**
- **O\_PN med offentlig sti mellom O\_KV og O\_FT**



Mellombels bruksløyve gjeve i sak 17/45 datert 16.01.17 er basert på utsnitt frå kart (kart i heilskap er lagt ved). Raude liner syner område der det ikkje er gjeve bruksløyve.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



Området er omfatta av reguleringsplan Langheiane felt B6 og B7, planen omfattar rekkefølgekrav med omsyn til opparbeiding av felles teknisk infrastruktur. Per i dag er det ikkje gjeve bruksløyve for delar av F\_KV samt for område F\_LEIK1 og F\_POST. Kommunen vart på synfaring 17.03.17 gjort kjent med at for område B6 er post løyst gjennom stativ i felles garasjeanlegg og at område F\_POST difor ikkje vert opparbeidd.

Før det kan gjevast bruksløyve i område felt B6 må det ligge føre bruksløyve for delar av F\_KV fram til innkøyring parkeringsanlegg i felt B6, dette må søkjast om gjennom sak 17/45.

Vi kan ikkje sjå at det er søkt om dispensasjon frå rekkefølgekrav med omsyn til F\_LEIK1. Før det kan gjevast bruksløyve slik som omsøkt må det søkjast om og liggje føre mellombels dispensasjon frå rekkefølgekrav gjeve i føresegn § 10.2.1. Dersom de meiner det ikkje er naudsynt å nabovarsle søknad om mellombels dispensasjon jf. plan- og bygningslova § 21-3 ber vi om at de skildrar kvifor de ikkje meiner det er naudsynt å nabovarsle.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Bruksløyve for resterande del av F\_KV godkjent i sak 17/45.
2. Godkjent ferdigmelding frå rørleggjar, ferdigmelding sendast Teknisk drift hjå Lindås kommune.
3. Koordinatar for plassering av PH1 (td. SOSI-fil).
4. Søknad om mellombels dispensasjon i høve rekkjefølgekrav i førsegna § 10.2.1 med omsyn til F\_LEIK1. Dispensasjon gjeve i sak 14/7741 datert 11.01.17 gjeld berre for Blokk A i felt B7.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.04.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Mellombels dispensasjon frå rekkefølgekav for Langheiane felt B7 - gbnr 188/770 Gjervik ytre

Mellombels bruksløyve - felles teknisk infrastruktur og uteopphaldsareal Langheiane B6 og B7 - gbnr 188/771 og 793 Gjervik ytre

D-1 Situasjonsplan Redegjørelse sikkerhet

**Mottakarar:**

Erstad & Lekven Utbygging As

Paradisalléen 8

5232

PARADIS